



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Plan og byggenemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 03.05.2017
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 27.04.2017

Thor-Sigmund Garvik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 12/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 13/17	Protokoll fra førre møte
PS 14/17	Prosjekt Bergsøy skule Borga - Prioritering av tiltak

Orientering/drøfting:

- Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon
- Prosjekt 70018 - Energisparekontrakt

PS 12/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 13/17 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RHH	Arkivsaknr:	2016/911
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Plan og byggenemnd	03.05.2017

PROSJEKT BERGSØY SKULE BORGA - PRIORITERING AV TILTAK

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om prosjektet til vitande og ber rådmannen om å gjennomføre prosjekt Fasaderehabilitering syd.

Særutskrift:

- Sektor Stab - Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide
- Sektor Oppvekst v/ kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy
- Sektor Oppvekst - Bergsøy skule Borgia v/ rektor Marit Lillestøl
- Verneombod Line Konningen

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld prioritering mellom bygningsmessige tiltak ved Bergsøy skule Borga. Rådmannen ynskjer å nytte løyvde midlar til sikring mot fallande takstein, samt diverse andre tiltak som treng stillas på fasada mot syd.

Saksopplysningar:

Saka gjeld prosjekt prosjekt 70016 - Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering - val av investeringsalternativ.

Bakgrunn

Kommunestyret har i budsjett 2017 løyvd kr. 2 mill. til mindre investeringstiltak ved Bergsøy skule Borga. Midlane skal nyttast til å forlenge levetida for bygget.

Plan og byggenemda vedtok i møte 08.02 å rehabilitere taket på gymsal ved skulen. I tida etter dette har det falle ned fleire steinar rundt bygget og naudsynte sikringstiltak er iverksette. Slik saka står har Eigedomsavdelinga kome fram til at omlegging av taket på skulen ikkje er vegen å gå for å utnytte midlane vi har mest mogleg effektivt. Det arbeidet som no er utført vil etter vårt syn sikre taket slik at risikoen for fallande stein vert redusert til eit minimum. Det gjenstår i midlertid å gjennomføre tiltak på byggets sydfasade.

Fasaderehabilitering syd.

På grunn av tilkomst er det vanskelig å nytte lift eller kran for å sikre taket på sydsida av bygget. Det vil difor vere best å nytte stillas for å utføre denne delen av taksikringsarbeidet. Dersom ein set opp stillas vil det vere fornuftig å utføre fleire arbeidsoperasjonar for å få utnytta stillaset. Desse arbeidsoperasjonane er opplista nedanfor, med omtrentlege budsjettal for den einskilde aktivitet.

Tiltak	Budsjett
Stillas. Montering og remontering, samt leige av stillas i 50 dagar.	210 000,-
Utskifting av takrenne, med beslag og nedløp, riving og remontering av to rekker takstein.	180 000,-
Maling av yttervegg, omlag 950 kvadratmeter.	120 000,-
Skifte av pakning på vindauga.	15 000,-
Montering av sikring mot fallande stein tilsvarande resten av bygget.	17 000,-
Kompletteringar. Skifte av fuger pluss diverse.	100 000,-
Utbetring av riss og sprekker (Makspris)	300 000,-
Totalbudsjett, eks mva.	942 000,-

Nærare om utbetring av riss og sprekker i puss og betongkonstruksjon.

Dette er eit usikkert tal som det er umogleg å seie noko om omfanget på i denne omgang. Det rettaste her vil vere å sette eit budsjettal for utførelsen og deretter halde seg innanfor dette i ein seinare arbeidsprosess.

Som det går fram av kalkyla har eigedomsavdelinga valt å sette eit tak på utbetningsarbeidet på 300 000,-

Desentralisert ventilasjon.

Eigedomsavdelinga har no avslutta arbeidet med prøveprosjekt desentralisert ventilasjon. Tilbakemeldinga ifrå skuleavdelinga og innhenting av loggdata frå anlegget etter eit par vekers drift er udelt positivt. Målingane viser at CO₂-nivået i lufta har meir enn halvert seg og ligg innanfor arbeidstilsynet sin anbefaling. Dette tilseier at prøveprosjektet er ein suksess og at dette er vegen å gå i vidare arbeid for å betre inneklimaet ved skulen.

Dersom ein legg til grunn prisane som vart innhenta i samband med prøveprosjektet, vil eit anlegg koste omlag 160 000,- å montere. Dette vert pris pr klasserom. På Borga har vi 12 klasserom som treng ventilasjon, både ved skulen og avdeling internasjonal skule.

I tillegg er der 14 grupperom og arbeidsrom som har behov for ventilasjon. Her vil ein kunne montere mindre anlegg og vi har difor rekna med ein noko mindre sum til desse anlegga. Omlag 110 000,- kroner i snitt.

Tiltak	Budsjett
Desentralisert ventilasjon 12 klasserom	1 920 000,-
Desentralisert ventilasjon 14 arbeidsrom og grupperom	1 540 000,-
Riggkostnader	150 000,-
Sikkerheitsmargin, uføresette utgifter.	290 000,-
Totalbudsjett, eks mva.	3 900 000,-

Økonomi

Eigedomsavdelinga har i sitt budsjettarbeid nytta Norsk prisbok for å hente statistikk og prisar frå liknande prosjekt og arbeider i Noreg. Dette er eit verktøy som gjev oss eit godt grunnlag for å utarbeide kostnadskalkyler for prosjektet.

Vi har og eigne erfaringstal for desentralisert ventilasjon som er nytta i utarbeiding av kalkylene for dette.

Ovannemnde kalkyler er usikre. Endeleg kostnad for tiltaket veit vi fyrst etter at anbodskonkurranse er avslutta og tiltaket er gjennomført.

Vurdering og konklusjon:

Eigedomsavdelinga har omlag kr. 1 350 000,- igjen av løyvde investeringsmidlar til å utføre tiltak på Borga inneverande budsjettår.

Gjeldande budsjett er såleis ikkje tilstrekkeleg for å fullføre ytterlegare tiltak knytt til desentralisert ventilasjon. Ein får då heller ikkje utført taksikringa ved sydfasaden. Rådmannen ser dette som svært uheldig då fallande takstein kan få særsl alvorlege følgjer for den som vert råka av dette og for kommunen som bygningseigar.

Rådmannen meiner ein kan søkje å nytte midlane ein har inneverande år meir effektivt ved å utnytte fordelene med å ha oppsett stillas på delar av bygget. Ein kan då førebu desentralisert ventilasjon ved bore hol og montere utvendige kasser for tilluft og avkast. Dette vil spare riggekostnader ved seinare tiltak.

Rådmannen ber difor om at nemnda prioriterer taksikring inneverande år, og so langt det er råd nyttar årets midlar til å førebu desentralisert ventilasjon for å utnytte tildelte midlar mest mogleg effektivt.

Konsekvensar for folkehelse:

Sikring av taket gir betre folkehelse for både elevar, tilsette og publikum. Likeins gir desentralisert betre inneluft og læringsmiljø for elevar og tilsette.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen særskilt konsekvens.

Fosnavåg, 24.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Avd.leiar eigedom

Sakshandsamar: Rolf-Henning Skrede Hide